



Sted: Teams

Når: **24. januar**

Tid: kl. 14.00-15.45

Påmelding



Aktiv saman

Inkludering og mangfald i idrett og friluftsliv - Styrking av frivilligheita

Velkomen til webinar med Aktiv saman

Aktiv saman er eit samarbeid mellom fleire frivillige organisasjonar, kommunar og fylkeskommunen og del av regional satsing på integrering gjennom idrett og friluftsliv. Hovudmålet med Aktiv saman er å få fleire fleirkulturelle barn og unge meir aktive kvar dag, med særleg fokus på dei som er lite fysisk aktive og/eller fysisk inaktive. Gjennom dette samarbeidet har vi etablert møteplassar og nettverk der ein jobbar på tvers mellom idrett, friluftsliv og det offentlege. Vestland fylkeskommune, Vestland idrettskrets og Bergen og Hordaland Turlag koordinerer arbeidet og samarbeider med ei rekkje ressursar ute i kommunar og organisasjonar.

Vi ønsker deg velkomen til webinar som set fokus på samspel mellom det frivillige og kommunane. Korleis kan vi styrke samarbeid mellom kommunar og frivilligheita? Vi har frivilligheitsåret i fokus og inkluderingsarbeidet som ein viktig del av dette!

Samlinga er på Teams og er open for alle, særleg for deg som arbeider med folkehelse, idrett, friluftsliv, frivilligheit og mangfald.

PROGRAM

Del 1:

- Kl. 14.00 Velkomen
- Kl. 14.10 Fylkeskommunen orienterer om frivilligheitsåret 2022
- Kl. 14.20 Idrettsklynge Vest - Styrke i samspel

Del 2: Presentasjonar frå fylket vårt

- Kl. 14.30 Samarbeid, ein introduksjon frå Aktiv saman gjengen
- Kl. 14.35 Tre kommunar deler sine erfaringar rundt samarbeid med frivilligheita
- Kl. 15.10 Kaffipause

Del 3: Paneldebatt og erfaringsdeling

- Kl. 15.15 Paneldebatt med representantar frå frivilligheita og det offentlege
- Kl. 15.35 Avslutning